

Spreke uskedelingar i Folgefonna Opp.

11.08.2018



Kristian Øvstebø har god grunn til å smila etter nok eit imponerande motbakkeløp.

I dag vart det flotte motbakkeløpet Folgefonna Opp arrangert for 7. gong. Løparane kjem i mål ved Fonnabu, og då har løparane lagt bak seg 11km og 1400 høgdemeter. Det er litt av ein kraftprestasjon, men med veret som var i dag, var det heilt sikkert ei kjempeoppleving for sprekingar, og nokre av desse sprekingane er frå Uskedalen.

Dette motbakkeløpet er blitt svært populært og det trekkjer til seg løparar frå eit stort området, - ja, så og seja heile Sør-Norge. Derfor er det kjekt å sjå at fleire uskedelingar markerer seg så positivt. Eg er imponert over alle, men det er ekstra kjekt med 14 år gamle Kristian Øvstebø som med 1 time 40 minutt og 23 sekund imponerte stort nok ein gang i eit motbakkeløp. Det gav ein 16. plass totalt med svært kort avstand ned til 6.plassen. Han var med det klart yngst av dei som var på øvre del av resultatlista. Med den tida sneik han seg 3 sekund føre Terje Rød(M 45-54) som siste åra har gjort det godt i motbakkeløp. Etter løpet gav Kristian uttrykk for at han hadde hatt god hjelp av å ha sprunge saman med Rød i nokre kilometer. Utan det hadde det blitt tyngre, meinte han. Ein annan veteran, Bjørn Egil Haugland(M55-59) held seg også i imponerande form. Han kom på 21.plass totalt med tida 1:50:53.

Aller raskast av uskedelingane var Benjamin Hus Ripel(M15-23), som bur på Rød, men spring for Rosendal TL. Han kom i mål på ein flott 11.plass med tida 1:38:09. Best tid av alle fekk Lars Erik Skjervheim, Voss IL,(M35-44) som sette ny rekord for løpet med knallsterke 1:19:01. Han var knappe 2 minutt føre Glenn Tore Løland frå Sauda og Hans-Inge Klette frå Voss som var dei to neste som nådde toppen. Ekstra imponerande vert prestasjonane når vi veit at alle spring med sekk som veg minst 2,5 kg på ryggen. Til saman kom 48 deltakarar i mål i konkurranseklassen. I tillegg var det stor deltaking mosjonsklassen der om lag 10 uskedelingar var påmeldt. Det var også juniorklasse som sprang ei kortare løype.

Deltakarar som vi har vore i kontakt med, rosar arrangementet som heilt topp. Etter målgang var arrangørane klare med varm suppe og saft til deltakarane. På toppen vart målgangen filma med informerande kommentarar av Benthe Bondhus. Det var også intervju, og Andre, Kristian og Jan Øvstebø var blant dei som vart intervjua. Dette vart vist på storskjem på Sandarvollen, ein halv times lett gange innover Bondhusdalen. Der var det også aktivitetar for heile familien, musikalsk underhaldning og sal av tradisjonsmat. Ein skikkeleg folkefest.

Resultata finn de [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jan Øvstebø